

nr. 3 - 2009

# PIRION

- kulturavis for barnehagar og skular



Omslaget er frå boka *Les for meg!*, ein antologi med nyare nynorske tekstar for born. Ho er laga etter initiativ frå Nynorsksenteret, og er gjeven ut på Det Norske Samlaget.

## NØKKELEN TIL EI LIVSLANG LESELYST

**Det finst ingen reglar. Det finst ingen  
bøker som er betre enn andre. Foreininga !les  
vil berre ha oss til å lese høgt for borna.**

TEKST: MAGNUS STOKKA

# NØKKELEN TIL EI LIVSLANG

du

har kanskje undra deg, der du sit i midten av lese-kroken. Du har funne fram ein klassikar du hugsar godt frå din eigen barndom.

Thorbjørn Egner vil dei nok lika. Ingenting er vel som ei røvarhistorie frå Kardemommeby. Ungane er forventningsfulle, og du skal fortelja historia – utan at seksåringane får lyst til å knuffa, skrika eller spørja etter trøsykkelen.

• Det første ein bør gjera, er å leggja frå seg den nostalgiske haldninga. Ein treng ikkje nødvendigvis lesa om Albert Åberg kvar gong det er lesetid, seier Ketil Kolstad, dagleg leiar i Foreininga !les.

Han meiner at mange, både lærarar og foreldre, veit for lite om barnelitteratur. Det gjer at valet for ofte endar på ei Egner- eller Anne-Cath. Vestly-bok.

• Vi oppdaterer oss for sjeldan i barnelitteraturuniverset. Vi bør bruke like mykje tid på å undersøkje bøker til borna som til oss sjølve, oppmodar Kolstad.

## Vel bøker etter interesser

Det betyr ikkje at vi skal skrinleggje Egner og Vestly for godt. Poenget til Kolstad er at ein kanskje kan utvide horisonten sin litt meir.

• Born må oppleve mangfald, både i sjanger og målform. Ein skal hugse på at også dei minste er reflekterte og opptekne av dei gode historiene.

• Kva bøker bør ein velja til borna i 2009?

• Det er ikkje så nøye så lenge litteraturen treff målgruppa. Eg trur det viktigaste er å finna noko som interesserer. Spesielt viktig er dette for gutane. Dei er nok generelt meir «nerdar» enn jenter. Astronomi, fotball, fiske eller mekking. Det er ikkje så nøye kva temaet er, så lenge vi les. Gode historier er betre enn eit «fint» tema, meiner lesegeneralen.



Ketil Kolstad, dagleg leiar i Foreininga !les og Trude Hoel, lektor ved lesesenteret, UIS ivrar begge for barnelitteratur. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar og Ingrid Hillestad)

## Ingen lesereglar

Men tilbake til lese-kroken. Du har kanskje lagt frå deg Åberg som «berre skal gjera ditt og berre skal gjera datt». Du har funne ei bok du meiner er både aktuell og spanande. Du er klar til å opna munnen. Men korleis skal orda lesast? Skal du bruka dialekt? Eller er eit normert språk det beste?

• Det viktigaste er at teksten er i hovudfokus. Viss den er det, finst det ingen lesereglar. Det er berre til å sleppa seg laus. Skapa bilete for lyttarane. Det er viktigare å vera komfortabel enn å lesa perfekt. Og så trur eg variasjon er bra. Bokmål, nynorsk og dialekt. Borna kan ofte bli utfordra meir enn vi vaksne trur.

• Kva med å frigjera seg frå boka?

• Der ligg litt av nøkkelen. Den munnlege tradisjonen oppstår her og no. Då er det viktig å bruka fantasien. Ein kan gjerne involvera borna også. Stoppe opp litt. Spørje kva dei tenkjer, og la dei fantasera. Det verste er at nokon fell av lasset.

• Men kva om det likevel skjer?

• Då må ein få i gong samtalen igjen. Skifte frå å fortelja til å vise bilete kanskje. Høgtlesing er ikkje berre einvegskommunikasjon

## Di eiga stemme

Synst du dette høyrst utfordrande ut? Skifta frå bokmål til nynorsk. Involvera til samtale, for så å dikta fritt ut frå eit bilete.

• Ein treng absolutt ikkje ha gått Teaterhøgskulen for å klara dette. Det viktigaste av alt er å ta vare på si eiga stemme, vera seg sjølv. Og så må ein øve, øve og øve.

• Men kvifor er høgtlesing så viktig for dei små?

• Den viktigaste årsaka er at grunnlaget for leselysta vert lagt i barneåra. Skal ein skapa ein livslang lesar, må borna bli lesne for. Spør du borna, vil dei nok svare: «For å bli klok». Og det er jo også sant. Men som sagt, får ikkje borna kjennskap til litteratur medan dei er små, er sjansane minimale for at dei tar fram lesebrillene når dei vert vaksne.

• Når bør ein slutta med høgtlesing i skulen?

• Ein stor feil mange gjer, er å slutta å lesa når borna sjølve lærer seg tekni-ken. Eg meiner høgtlesing er ei sosial oppleving som bør vare livet ut. Det er identitetsbyggande og styrkjer fellesskapet. Det er ein grunn til at vi er så flinke til å høyra på lyd-bøker saman.

- Bør vi lesa annleis for gutar og jenter?
- Eg trur ikkje det. Tek ein utgangspunkt i noko interessant, handlar det om det same. Det er formidlaren det står på. Då er det også det same om det er menn eller kvinner som les. Men vi treng fleire mannlege forteljarar i klasseromma. Det trur eg vil gjera at gutar les meir også. Dei treng rollemodellar dei kan identifisera seg med.

## Bekymra for skumlesing

PISA-undersøkingane har ikkje alltid vore lystig lesnad her til lands. I Noreg les 20 prosent av elevane så dårleg av dei ikkje meistarar dagleglivets tekstar. Kolstad håpar tiltaksplanen «Gi rom for lesing!» gjev resultat. Prosjektet, som varte frå 2003-2007, skulle stimulera til auka leselest og styka leseugleiken blant born og unge.

- Det blir meldt om kjemperesultat. Men det tar nok litt tid før ein ser dei endelege resultat. I mellomtida kan vi kanskje bli meir merksame på kva dei minste les. Eg er spesielt uroa for all lesinga på dataskjermar. Det trugar lesekviliteten fordi dei minste lærer seg uvanar gjennom å skumma kjapt gjennom tekstane.

- Men er det ikkje bra med alt som blir lese?

- Jo, men eg fryktar at denne lese- teknikken blir overført til skulekvardagen. Det kan føra til at mange nøyer seg med å skumma lærebøkene også. Men er ein merksam på dette, har eg ingen ankepunkt mot den teknologiske utviklinga. Lesing er litt som å læra å sykla. Har ein først fått det i blodet, kan ein det. Utfordringa er å halde på lesemotivasjon etter fylte 13 år.

## Gå til bibliotekaren

**Lesesenteret i Stavanger** driv også med leseopplæring og leseutvikling. Universitetslektor Trude Hoel trur det er viktig at ungane sjølve får vera med på å velja kva bøker som skal stå i lesestolen. Det verste er at dei vaksne blir monotone og keisame formidlarar, meiner ho.

Eg trur vi får fram dei sterkaste kjenslene og engasjement i tekstar vi kjenner frå før. Høgtlesing er så utruleg viktig, både i barnehage, skule og heim.

*Så du oppmodar folk til å henta fram Albert Åberg, altså?*

Nei, det er ikkje det eg meiner. Tekstar kan bli gamle. Det finst ingen garanti for at borna våre opplever det same som vi opplevde då vi fekk høyra historiene frå desse bøkene. Men det er ingenting i vegen for å bli godt kjent med nye bøker heller.

*Kor skal ein finna desse bøkene då?*

Bibliotekarane kan mykje. Det kan vera vanskeleg å orientera seg sjølv, så det er berre å spørja. Eg trur vi brukar dei tilsette på biblioteka for lite. Det er dyrt å kjøpa all barnelitteraturen vi vil ha, så noko må lånast. Eg trur heller ikkje på absolutte grenser når det gjeld val av tema. Bøker om krig eller sorg kan kanskje passa av og til, verda er trass alt ikkje berre rosenraud.

## Lesegevinst her og no

I lesestolen vår sit det altså både gutar og jenter. Lektoren er usamd med Foreninga !les i at det ikkje er forskjell på korleis vi bør formidla

litteraturen til dei ulike kjønna.

Forskjellen må bli teken på alvor. Hadde lesing vore ein friviljug aktivitet, ville mange av gutane sykla, medan jentene hadde hatt nasen i bokhyllene. Ein må i større grad legge til rette for at gutar skal lesa. Då er val av tema særskild viktig. Det må vera mogleg for gutane å velja sjølve, og det er viktig at dei har mannlege formidlarar.

Hoel viser til gode røynsler med kjønnsdelte lesegrupper i norske barnehagar.

Grunnlaget for leselest blir lagt i barneåra. Men det er òg viktig å tenkja på gevinsten her og no. Borna får ein spesiell nærleik til dei vaksne når dei blir lest for.

*Føretrekk du dialekt eller boknormalen når du les høgt?*

Er teksten på rim, bør ein nok lese tett opp til målforma for å få fram rytmen. Er det ei spaningsforteljing, er det meir naturleg med dialekt. Ungar likar språk, og det er ingenting i vegen for å leika seg.

*Bør ein forenkla vanskelege ord?*

Eg meiner det er språkstimulerande for borna at dei møter nye ord. Etter å ha lese det ukjente ordet nokre gonger, kan det vera lurt å spørja borna om dei kan fortelja kva det betyr. Dette er det mykje læring i.

**Les meir om dette temaet og les bokmeldingar på [www.pirion.no](http://www.pirion.no).**



# Dikt med sprett

I 2008 var det hundre år sidan Olav H. Hauge vart fødd. I 2007 feira vi 100-årsjubileet for Halldis Moren Vesaas. Begge åra illustrerte biletkunstnaren Inger Lise Belsvik dikt dei skreiv for born i to jubileumsutgjevingar. «Illustrasjonane skal ikkje si det diktet sier en gang til, ikkje tvære det ut, men gi det noe å sprette mot», seier ho. Dei gamle dikta får ny sprett i romma mellom tolking og meddikting som Belsvik sine bilete

inviterer lesarane inn i.



JANNE KARIN STØYLEN

Litteraturmedarbeidar  
Nasjonalt senter for  
nynorsk i opplæringa

I antologien «Mellom ord og bilde» redigert av Ingeborg Mjør og Nina Goga, bidreg Inger Lise Belsvik med kapitlet «Hvis jeg skulle si noe om å illustrere dikt for barn». Sjølv har ho gjort dette til sitt spesialfelt. Ein av metodane ho brukar

er å skape identifikasjon. Sjå til dømes på biletet til diktet «Fiske på isen» på side 11. Diktet er slik:

*Fiske på isen er kaldt  
Og lite fisk er å få  
Fisken svinsar i djupet  
Og vil ikkje bite på.*

I lang, tjukke boblejakke og med både nasa og munnen godt inntulla i eit stort skjerf står ein unge og fiskar i eit hol på

den tjukke isen. Her er det mange minusgrader! I djupet ligg ein liten fisk nær inn til snøret og ser ut til å ville bite på kor tid som helst! Ei jente svinsar på skøyter i bakgrunnen, eg trur ho er litt nysgjerrig, kanskje er ho på veg mot den vesle fiskaren? Teikninga skaper positive forventningar til framhaldet. «Å illustrere er å lage rom rundt diktet for å få det til å vare,» seier Belsvik. Akkurat slik opplever eg at illustrasjonane hennar verkar.

Boka med dikt av «diktarapparatet Vesaas» (som ein barnemunn ein gong las då det stod «diktarparet Vesaas») ber tittelen «Eg sette brillene på min katt.» Tarjei Vesaas kunne skrive både enkelt og lett, og somme gonger, helst på oppfordring frå Halldis, direkte til barn. Her er ingen alvorstunge dikt frå henne heller. Det er ei glad bok om å glede seg over livet og dei gode dagane:

*«Det var ein slik klukkesundag, då verda hadde det godt.»*

«Når Tussalussi kviskrar» er også laga som ei høgtlesingsbok for dei minste og som ei biletbok som større barn kan lese på eiga hand. Saman med Bodil Cappelen har Belsvik valt ut 14 av Olav H. Hauge sine dikt for barn for nye illustrasjonar, til dømes dette om tordivelen:

*Lat meg gjera som tordivelen  
Sorgene legg seg yver meg  
Og klemmer meg ned i ei varm boslege*

*Lat meg likevel røra på meg,  
Prøva kreftene, letta på torvone-  
Lat meg gjera som tordivelen  
Når han ein vårdag grev seg ut or  
mykdungen.*

«Inger Lise Belsviks duse og forsiktige illustrasjonar opnar seg for menneske i ulike aldrar. Dei er frie for prangande verkemiddel, og ber litt av den stillfarande ettertenksame tonen, og lune humoren som dikta òg gjer.»  
Marianne Lystrup, *Vårt land*.

I den nynorske barnebokhylla finn du fleire nye diktbøker for born enn i noko anna barnebokhylla i Europa! Eg er så stolt på vegne av den modernistiske barnelyrikken vi kan vise fram. Eva Jensen, Solfrid Sivertsen, Hans Sande, Einar Økland, Rønnaug Kleia, Mary Bente Bringslid, Oskar Stein Bjørlykke, eg kunne nemne mange!

*«Without the sunlight of literature,  
children can not grow as they should»*  
(Michael Morpurgo)

Det er ikkje mindre viktig enn som så. Kanskje kan ikkje alle born bli ivrige lesarar. Men alle born har potensiale til å like å bli lest for! Å vere den som får lese, er ei stor glede: «Nett no er det du som skal få ligge på vinden og vere dobbelt så glad fordi du er så heldig å få lese for barn,» skriv Erna Osland i forordet til antologien «Les for meg!» Mellom alle dei fine dikta og alle dei fine ungane står du og eg.